

2  
År 1947 den 1. august var grensenemndene for Lindås og Mosanger samla til å få klarlagt heradsgrensa frå Musefjellet og nordover til Masfjorden grensa.

Frå Lindås møtte for grensenemnda Lars Einestrand, Olai Hindenes og Kristian Dyrdal. Frå Mosanger møtte Mons Bjørge, Ragnvald Vikesund og Ole Vike. Av dei interesserte partane frå Lindås møtte berre dei som var valde inn i nemnda. Frå Mosanger møtte Gudm. Husdal, Olav Holvik, Johs. Mikefet.

Grensegonga tok til i Grytskaret ved enden av Musefjellet. Ein fekk framlagt avskrift av ein utskiftningsferretning etter 1841 og gjekk fram etter denne. Dei omskrivne punkt fann ein i terrenget, og både grensenemndene og partane var samde om at grenselina fram til Toprefjellet var greid.

Grenselina vidare nordover kunne ein ikkje fastsetja då ein vanta turvande opplysningar og eigaren av <sup>gården</sup> Sætre - Alfred Sætre møtte ikkje. Dagen skreid so langt fram at ein måtte avslutta grensegonga for den dagen.

År 1948 den 2. august samlast grensenemndene for Lindås og Mosanger for å halda fram med grensegonga som tok til den 1. august 1947. Denne gong møtte for Lindås Lars Einestrand, Olai Hindenes. Frå Mosanger møtte Mons Bjørge, Ragnvald Vikesund og Johs. Padøy. For partane møtte for Lindås Lorents Dyrdal. Frå Mosanger var tilsagd Alfred Sætre. Han var den dagen dårleg til helse og kunne ikkje møta. Men han var villig til å overlata til grensenemnda å fastsetja grensa etter beste skjøn.

Grensegonga tok til ved Topra der ein slutta av fyrre gong. Ein fekk lagd fram eit kommisjonsforlik av 15. juni 1834 som det vart gått fram etter.

På strekningen mellom Topra og Gråsidnova fann ein 5 punkter med nedsette merkesteinar med vitne. Den omskrevne + ved søre enden av Krokavatnet fann ein ikkje. Frå Gråsidnova gjekk grensa i same leid til

anden av Båtevatnet. Vidare gikk lina frå Båtevatnet til  
søre Båtevatthalsen med + , vidare til Storebotsgilet med + og i same  
leid til Grønsetølen med L (vinkel) der heradsgrensa mellom Mosanger og  
Masfjorden tek til, og sluttar mellom Mosanger og Lindås.

Ragnvald Vikesund. Mons Bjørge. Johs. Fadøy.

Olav Hindenes-Skår. Lars Kinestrand. Lorentz Dyrdal.